

## **1 Oppsummering, tillitsvalde m.m.**

### **1.1 Meldingsår**

1.11.2012-31.10.2013.

### **1.2 Styret og arbeidsutvalet**

Styret er samansett av arbeidsutvalet (AU) og ein styremedlem som representerer hyttenemnda.

Leiar: Lars Staurset.

AU-medlemmer: Randi Reppe Bell, Bente Myklebust og Randi Irene Sylta.

AU-varamedlem: Marte S. Trondsen.

Styremedlem: Sylvfest Bell.

AU har ansvaret for den daglege drifta, og har hatt som mandat å halde i gang leikøvingane på Reknes ungdomshus.

Styremøte: 14.11.12, 10.6.13, 12.6.13 (årsmøte i Reknes ungdomshus).

AU-møte: 3.12.12, 9.1.13, 4.9.13.

Orienteringssaker og enkle saker har i stor grad vore behandla pr. e-post. Det same gjeld saksførebuingar til møta.

### **1.3 Andre tillitsvalde**

Revisorar: Arild Jacobsen med vara Frøydis Austigard.  
Bente Dyrnes Aarø med vara Atle Bell.

Rekneskapsførar: Arild Horrstad (engasjert av styret).

Valnemnd: Anne Karin Knutsen Heggem og Torill Steien.

### **1.4 Organisasjonsnummer**

993 469 467.

### **1.5 Medlemmer pr. 31.10.13**

Medlemstal: 37  
Av desse under 26 år: 4

3 ungdommar frå Molde, f. 1995-99, meldte seg inn i BUL i april 2013 for å få delta på instruktørkurs i Ørsta. AU har av ulike årsaker ikkje makta å følgje opp desse medlemmene.

## **2 Aktivitet i laget**

### **2.1 Leikøvingar**

Instruktør: Irene Møllersen Bell.  
Øvingstid: Onsdagar kl. 19.30-22.00.  
«Kaffipengar»: 20 kr.

November 2012: 4 leikøvingar.  
Januar-april 2013: 13 leikøvingar.  
August-oktober 2013: 9 leikøvingar.

Spesielle øvingar, medrekna i tala ovafor:

6. februar: Gjester frå nabolaga, fellesøving i rekkedans.
5. mars: Besøk i Isfjorden til Rauma leikarring og Rauma spelemannslag.
13. mars: Gjester frå Barneleikarringen.

17. april: Anna Gjendem lånte litt av kvelden til å gjere opptak av Romsdalsspringaren slik BUL-folk dansar han.
2. oktober: Gjester frå nabolaga, fellesøving i rekkedans.

Det meste av vårsemesteret var det utanlandske deltakarar på leikøvingane. Eit titals studentar (ikkje alle på ein gong) frå Kviterussland, Russland, Austerrike, El Salvador og Spania fann seg godt til rette med norske treturar, rilar, rekkedansar og jamvel bygdedansar.

Frammøtet på vanlege øvingar er nokså variabelt: ofte 12-16, men ein gong nede i 5. BUL ønskjer fleire dansarar, og særleg menn. Kvinnene er flinke til å gå inn og ut av ymse roller, og instruktøren tilpassar programmet når det trengst. Det er høgt aktivitetsnivå og god stemning på øvingane, og dei dansarane som møter opp jamt, lærer mykje.

## **2.2 Hyttehelg**

AU planla ei hyttehelg med lokale dansar 13.-14. april, med Anna Gjendem som instruktør og Britt Elise Skram som spelemann. Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF) innvilga støtte. Dessverre måtte arrangementet avlysast i denne omgangen. Ny avtale med desse partane er gjort for helga 1.-2. februar 2014.

## **2.3 Juledans med kurs**

40-50 dansarar var i aksjon på juledansen 28. desember 2012, etter at 6 hadde vore på kurs i dansespel og ca. 26 i dans den same ettermiddagen. Deltakarar var i alle aldrar frå 13 til 86, og frå ulike stader i fylket.

Arrangør var Anna Liv Skjelten Gjendem i samarbeid med BUL og Ungdomsringen Snu Nordvest, med støtte frå Rådet for folkemusikk og folkedans. Anna heldt sjølv dansekurset. Spelemann under kursa var Britt Elise Skram.

Britt Elise Skram og gruppa Øresus spela runddansar og bygdedansar om kvelden. I pausane spela Runhild Heggem frå Osmarka og paret Leikny Aasen og Vidar Underseth frå Ålesund bygdedansar.

## **2.4 Bygdaliv**

Bygdaliv på nett har no vore i drift i snart ti år. Nettstaden <http://bulmolde.no> blir oppdatert etter dei fleste leikøvingane, og elles når det hender noko interessant. Semesterstart og spesielle arrangement blir i tillegg varsle med e-post til ca. 80 personar. Lars Staurset er redaktør og legg ned mykje arbeid i dette.

## **2.5 BUL-hytta**

Sjå eiga årsmelding frå hyttenemnda.

## **2.6 Jul i Romsdal**

Sal av Jul i Romsdal hausten 2012: 30 eksemplar.

## **3 Reknes ungdomshus**

BUL måtte sommaren 2013 gje opp kontrollen med Reknes ungdomshus. Dette er ei lang historie, og det passar å ta litt av den i denne årsmeldinga.

Hovudhuset vart bygd i 1916 som barnesanatorium i tilknyting til Reknes sanatorium. Seinare vart det bygd ei skulestove for dei sjuke borna. Desse to bygga er dei einaste som no står att av det gamle sjukehuset.

### **3.1 Frå 1990: BUL-drift**

I 1983 tok BUL i bruk Reknes som møte- og øvingslokale, og dreiv både barnelag, leikarring og ei kort periode ungdomsklubb der. 19.1.1990 gav Molde kommune BUL ein 80 års festekontrakt for dei to bygningane og området rundt. 16.5.1990 vart festekontrakten overførd til selskapet Reknes ungdomshus. Husselskapet fekk sitt eige styre, men var 100 % eigd av BUL, og styret i BUL var årsmøte for selskapet.

Husstyret la i mange år ned eit enormt arbeid, i stor grad ubetalt, for å vedlikehalde huset og skaffe inntekter. MC-klubben Snorre var fast leidgetakar i skulestova. I hovudhuset leigde Moldejazz 2. etasje, Romsdal Ungdomssamlag (RU) hadde lokale i kjellaren, og 1. etasje var eit populært selskapslokale. For BUL var det lenge ei svært bra ordning, som gav øvingslokale og lager til ein rimeleg pris.

Ulempa var stor slitasje på nokre enkeltpersonar, og utover i 2011-12 var det tydeleg at ordninga ikkje kunne halde fram stort lenger. Moldejazz var på veg ut og over til nye lokale i Plassen. Dermed ville ein stor del av leigeinntektene forsvinne. Molde kommune starta planlegging med tanke på å rive dei gamle husa og bygge bustader i området. Den planen vart stoppa ved at husstyret, BUL, RU og Snorre minnte om den gamle festekontrakten, som sa tydeleg at kommunen ikkje kunne seie opp kontrakten utan ved misleghald.

### **3.2 2012-2013: Andre leidgetakrar?**

Husstyret saman med BUL-styret prøvde å finne andre leidgetakrarar som kunne vere med å ta ansvar for drifta. Dette lukkast ikkje.

### **3.3 2013: Avtale med Tornekattet**

Inn frå sidelinja kom Tornekattet, supporterklubben til Molde Fotballklubb. Tornekattet ønskte å investere i huset, bruke det sjølv og leige ut selskapslokale og kontor omtrent som før. BUL og Snorre ville også få bruke lokala som før.

Etter forhandlingar kom BUL, husstyret og Tornekattet fram til ein avtale om å omorganisere selskapet Reknes ungdomshus. Årsmøtet i selskapet, dvs. styret i BUL, fastsette 12. juni 2013 nye vedtekter for selskapet, etter fullmakt frå omframt årsmøte i BUL same dag. Årsmøtet i Tornekattet gjorde tilsvarande vedtak 11. juni. Nytt årsmøte 13. juni, no kalla generalforsamling, valde nytt styre for selskapet Reknes ungdomshus.

Omorganiseringa påverkar ikkje festekontrakten med kommunen. Tornekattet har forplikta seg til å drive Reknes ungdomshus på ein måte som oppfyller alle krav i festekontrakten. BUL, husselskapet og Tornekattet har gjort avtalar som skal sikre rettane til alle partar i normale og unormale situasjonar.

### **3.4 Takk**

På omframt-årsmøtet fekk det gamle husstyret blomster og takk for innsatsen, og det var gaver til Byrge Fitje og Valter Andreassen, som har gjort eit enormt arbeid. Nemnast bør også Alf E. Meisingset, som var BUL-leiar i 1990 og fekk i stand avtalen med kommunen.

## **4 Andre aktivitetar**

### **4.1 Samarbeid i nærområdet**

BUL har eit godt samarbeid med Sylte og Malme UL (SMUL), Lyngstad Leikarring og Rauma Leikarring. Dansarane går ofte på øvingar hos kvarandre, og somme er dobbelt- eller trippelmedlemmer. Dersom eit lag manglar nokre dansarar til ei framsyning, stiller dei andre laga opp.

Laga reiser ofte på tur saman. I 2012-13 var det ingen store reiser, men laga samarbeidde om Rørosleken og VM i Vauldalen.

### **4.2 BUL-medlem Anna Liv Skjelten Gjendem**

held på med mastergraden i folkedans ved Høgskulen i Telemark, avdeling Rauland. Frå 1. januar 2013 arbeider ho halv tid ved Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal, med base i Volda. Ho har spesialisert seg på lokale bygdedansar frå Møre og Romsdal, og reiser rundt i fylket og held kurs. Ho har også fått i stand eit instrumentbyggekurs i Molde. I BUL har ho arrangert juledans, sist 28. desember 2012. Ho er medlem av Leikrådet i Noregs Ungdomslag.

### **4.3 BUL-medlem Ola Gjendem**

fekk fylkeskulturprisen 10. desember 2012. Han har mange år bak seg med allsidig kulturarbeid, ikkje minst med folkemusikk og folkedans. I 1980 var han programsjef for landsstemnet i Noregs Ungdomslag i Molde.

#### **4.4 BUL-medlem Valter Andreassen**

fylte 70 år 1. november 2012. Valter har vore særskilt aktiv medlem i BUL i svært mange år. I 1979-80 var han leiar av hovudnemnda for landsstemnet i Noregs Ungdomslag i Molde. Etter det var han ei tid leiar for barnelaget i BUL, og representerte BUL i det kommunale husstyret for Reknes. I 1990-2013, heile perioden med BUL-drift, gjorde han ein enorm innsats for Reknes ungdomshus.

#### **5 Sluttord**

Styret rettar ein stor takk til alle for det frivillige arbeidet som er lagt ned i samband med drift, øvingar og tilstellingar. Styret reknar arbeidsinnsatsen i hyttenemnda, arbeidsutvalet, dugnadene og leikøvingane til 185 dagsverk.

Lars Staurset

Bente Myklebust

Randi Irene Sylta

Randi Bell

Sylvfest Bell